

Høyringsinnspel frå samarbeid- og skulemiljøutvala ved Helland skule i høve «Plan for renovering av skulebygga og etablering av ny skulestruktur»

Måndag 2. desember 2019 hadde SU/SMU ved Helland skule eit møte der «plan for renovering av skulebygga og etablering av ny skulestruktur» var hovudtemaet som var opp til drøfting. Med utspring i momenta som kom fram i møtet sender vi med dette inn ein uttale i saka.

Det var brei einigheit om at det er naudsynt å gjere grep i vestnesskulen, og at framdriftsplanen som er skissert i høyringsdokumentet er positiv i høve at noko skal skje. I høve innhaldet i framdriftsplanen har vi derimot nokre spørsmål og kommentarar til.

Nedanfor har vi punktvis sett opp ynskje, spørsmål og kommentarar:

Våre ynskje for framtidias skule

- Vi ynskjer at det byggjast ein ny og ekstern ungdomsskule.
- Vi ynskjer at barneskulen på Helland får naudsynte oppgraderingar i høve rom og fasilitetar for elevar og tilsette.
- Vi ynskjer at kulturskulen vert lokalisert i same område som den nye ungdomsskulen og den eksterne barneskulen, i dagens ungdomsskulebygg. Dette er særleg grunna i trafikktryggleik for brukarane, som t.d. kan gå frå SFO til kulturskulen, samt at deler kulturskuletilbodet kan avviklast i SFO-tida.
- Elevrepresentantane i SU/SMU ytrar eit tydeleg ynskje frå elevrådet om at ungdomsskuleelevane ynskjer seg ein skule for seg sjølv der dei ikkje skal måtte dele skule med barneskuleelevane, dei er trass alt ungdommar.

Forventingar til prosess og val som takast

- Den nye vestnesskulen som no skal formast må vere godt fagleg forankra og vala som gjerast må vere grunna i dette, med eit tydeleg mål om kvalitet i framtidias skule. Økonomi må ikkje vere den mest dominerande faktoren i denne prosessen.
- Vi ser det som eit overordna krav at den skulen som vedtakast at skal realiserast er godt budd for innføringa av den nye læreplanen og inneheld dei rammeføresetnadane som denne fordrar.
- Vi forventar at politikarane set seg godt inn i innspela som kjem frå fagpersonane som arbeider i skulen, dei som kjenner tilhøva og gjer ein umåteleg viktig jobb med elevane kvar dag.
- Vi forventar at alle politikarar som no skal ta ei avgjersle i denne saka kan svare godt for punkta ovanfor, og kan stå ansvarleg for dei vedtaka som fattast.

Dersom ei samanbygging likevel skulle bli ein realitet

- Det må gjerast eit grundig arbeid i høve uteområdet. Her må det gjerast store grep for å legge til rette for at barneskule og ungdomsskule skal få godt tilrettelagde, trygge og eigne område. Områda må vere fysisk avskilt frå kvarandre!
- Det er særst viktig at både ungdomsskule og barneskule får dei fasilitetar og rammeføresetnadar som krevst for å drive ein kvalitativ og god skule for framtida. Dette må sjåast i lys av behov opp mot den nye læreplanen.

Vegen fram mot ny- felles ungdomsskule for Vestnes kommune og nye Helland barneskule

- Barneskuledelen ved Helland skule har per i dag særst krevjande utfordringar med å handheve dei krava som stillast for å gje elevane den oppfølginga dei har krav på og rett til, sett opp mot dagens læreplan og elevtal. Dette i høve rammeføresetnadar for elvar, men også tilsette, både i skule og SFO.
- Ungdomsskulen er særst uroa over ei mellombels flytting til Tresfjord, både i høve rammeføresetnadane for å kunne drive den kvalitativt gode undervisninga som det fordrast av dei, men og for mogleg fråfall av pedagogisk personell.
- Det ytrast ei bekymring for tilhøva for elevane ved barneskulen i perioden der ungdomsskulebygget skal byggast om til ny- felles ungdomsskule. Her mellom anna korleis politikarane har sett føre seg å løyse behovet for spesialrom som kjøkken og sløydsal. Det må og takast omsyn til at barneskuleelevane vil måtte ha skulekvardagen sin i eit område prega av stor byggeaktivitet i heile ombyggingsprosessen.
- Arealbehovet ved ei eventuell auke av dagens elevtal ved barneskulen må takast særst alvorleg. Det må òg sjåast i samanheng med kommunestyrets vedtak om å busette flyktingar i perioden 2020-2023, og kva for tal på elevar og eventuelle behov dette vil utløyse.

Samarbeid- og skulemiljøutvala ytrar

- Det synast som om vår skule ikkje er budd til å ta mot eit auke av elevar komande skuleår.
- Det synast tenleg å halde fram med dagens struktur og gje Vågstranda tilbod om skule i Tresfjord komande skuleår. I alle høve fram til alle instansar er trygga om at vala som gjerast for framtidas skule er kvalitativt gode val.
- Framtidas skule må ikkje leggjast til sides, men snarleg realiserast sett i lys av den gode skulen. Me forventar at Vestnes er ein kommune som ser framtida, våre barn og elevar særst viktig, og med dette grunnar vala som gjerast i kvalitet framfor økonomi.

Med helsing samarbeid- og skulemiljøutvala ved Helland skule